



Helse Førde HF
Administrasjon
Fag og utviklingsavdeling

Besøksadresse:
Naustdalsvegen 5
6800 FØRDE

Postadresse:
Postboks 1000
6807 Førde

Telefon: 57 83 90 00
post@helse-forde.no

www.helse-forde.no

Org.nr: 983 974 732

Sjukehusapoteka Vest HF
Att. Ørjan Lundgren

Vår ref: (oppgje ved kontakt)
2018/1190 - 15945/2018

Dykkar ref.:

Saksbeh.: Anne Kristin Kleiven,
tlf: 57839892

FØRDE,
29.04.2018

Høyring - Strategiplan for Sjukehusapoteka Vest 2018 - 2023

Helse Førde takkar for høve til å gje svar på høyring. De har spesielt bede oss gje tilbakemelding på om oversynet over tiltaksområda og tiltak i planperioden synest dekkande.

Helse Førde har har følgjande innspel til strategiplanen:

Overordna:

- Planen er overordna, oversiktleg og kort, og dermed lett å lese. Det er bra at strukturen er relatert til emna i strategi Helse Vest 2035. Oversyn over tiltaka på slutten av dokumentet er oversiktleg.

Kommentarar til nokre av innsatsområda:

- Leveranse av basale legemiddel og god beredskap er understreka. Trygg distribusjon er heilt sentralt for sjukehusa våre, både i det daglege og ved beredskap og kriser. Legemiddelbruk utgjer ein så stor del av behandlingstilbodet at sjukehusa er heilt avhengige av at sjukehusapoteka har rett og nok legemiddel til ei kvar tid. Det er ønskjeleg at dette strategiområde blir følgt opp med meir presise tiltak, jfr at det jamnleg oppstår situasjonar med mangel på legemiddel.
- Kostnader til legemiddel utgjer ein aukande utfordring for spesialisthelsetenesta. I planen vert Stortingsmelding 28 (2014-15) Legemidlemeldingen «Riktig bruk – bedre helse» referert med m.a. følgjande mål: «Legemidlar skal ha lågast mogeleg pris,» og på side 23 skriv de at de skal «vurdere insentiv for effektiv vareflyt i SAV sin prismodell.» Vi støttar eit arbeid på dette området.
- Samarbeid og kompetanse. Det er viktig at apoteka har naudsynt høg kompetanse, og at samarbeidet mellom apotek og sjukehus både på overordna og lokalt nivå fungerer godt. Det er i aukande grad behov for at farmasøytar inngår i kliniske team for å styrke pasienttryggleik og trygg legemiddelhandtering. Det er bra at opplæring og rådgjeving til helsefagleg personell og i møte med pasienten vert framheva.
- Det er ambisiøst å ha nullvisjon for legemiddelrelaterte skadar, dette stiller krav om grundig og kontinuerleg arbeid med IKT-system og andre pasienttryggleikstiltak, ikkje minst i overgangar mellom behandlingsnivåa.



Helse Førde HF
Administrasjon
Fag og utviklingsavdeling

Besøksadresse:
Naustdalsvegen 5
6800 FØRDE

Postadresse:
Postboks 1000
6807 Førde

Telefon: 57 83 90 00

post@helse-forde.no

www.helse-forde.no

Org.nr: 983 974 732

- Det er viktig at Sjukehusapoteka Vest bidreg til å redusere utviklinga av antibiotikaresistens. Dette vil krevje eit nært samarbeid med sjukehusføretaka.
- Helse Førde meiner tiltaksområda under «Spesialisthelsetenester utanfor sjukehus er viktige:
 - Samarbeid mellom pasienten, kommunen, fastlegen og spesialistar/farmasøytar
 - Kartlegge og tilby tenester og kompetanse som kan gjerast tilgjengeleg utanfor sjukehusa
 - Bruke effektive digitale kommunikasjonsverktøy for å nå ut til innbyggjaraneDette arbeidet bør og må skje i nært samarbeid med helseføretaka.

Oppsummert kan Helse Førde slutte seg til hovudretningar og tiltaksområde i planen. Den skisserer viktige område kor sjukehusapoteka kan bidra til ønskt utvikling for å møte framtidens utfordringar. Utviklingsplanen kunne kanskje vore endå tydelegare på Sjukehusapoteka sin særlege funksjon og rolle i føretaksgruppa, og gitt noko meir konkret retning for samarbeidet med helseføretaka.

Med venleg helsing

Arve Varden

Administrerende direktør

Anne Kristin Kleiven
Utviklingsdirektør